

**Scene 9: Sol forfører Klaus.** Klaus kjem forbi med ei hoppe. Sol svermar ved sida. I denne scenen smyg kyrkjetenaren i kulissane.

Sol

Kan eg få sitte på?

Klaus

Nei, ikkje no.

For no skal hingsten ri.

Sol

Skal hingsten ri?

Klaus

Ja, hoppa skal til hingsten. Eg må gå.

Sol

Så spennande. Kan eg bli med deg dit?

Klaus

Nei, ver så snill då. Gå.

Sol

Men eg har lyst.

Vil gjerne sjå om hingsten får det til.

Klaus

Nei, gå.

Sol

Men er det farleg då, om eg blir med og ser på hestane som lagar føll. *(til hoppa)*  
Så heldig du er. Tenk om det var eg.

Klaus

Men frøken Sol!

Sol

Du er så brun og sikkert også sterk.

Klaus

Av arbeid blir du sterk.

Sol

Du likar det?

Klaus

Kva då?

Sol

Å bruke kroppen din?

Klaus

Det er  
det einaste eg kan. Men eg skal flytte.

Sol

Men Klaus då, vil du flytte bort frå meg?

Klaus

Å nei. Eg må. Eg skal bli hestekusk.

*Klaus tek hesten i bigslet og vil gå.*

Sol

La hesten gå. Kom Klaus. For hoppa finn  
nok vegen fram til hingsten. Ikkje sant.

Klaus

Men eg må kanskje hjelpe hingsten på.

Sol

Å! Må du det. Så spennande. Men fyrst,

så må du hjelpe meg. Du er vel svolten?

Klaus

Ja, jau, det vore godt. Men går det an?

Sol

Ja, kvifor skulle ikkje det gå an?

Klaus

Nei, kvifor skulle ikkje det gå an.

*Heksegangar. Sol puttar ein matbit i munnen på Klaus. Sol forfører Klaus. Dei elsker. Erotisk dans? Etterpå angrar Klaus.*

Klaus

Å Sol, kva har eg gjort?

Sol

Eg ville det.

Klaus

Men du er berre barnet

Sol.

Sol Syns du?

Klaus

Du skjønner det. Kjem dette ut blant folk så er det ikkje meir. Då er det galgen.

Å Herregud! La dette vera draum.

Sol

Om du held kjafften din, så held eg min.

Klaus

Du lovar? Aldri?

Sol

Aldri.

Klaus

Takk.

Sol

Sjølv takk.

Klaus

Men hoppa! Eg må gjera det eg skulle.

*Klaus spring.*

Sol

Men Klaus, du gjorde det du skulle - du.